12-

I. USKEDAL

GUTE TROPP

1965 -

07514

Leohnard Eik

# I. USKEDAL TROPP

VÆR BUDD



## SPEIDERLOVEN

EN SPEIDER ER ÆRLIG OG SANNFERDIG

EN SPEIDER ER TROFAST

EN SPEIDER ER HJELPSOM

EN SPEIDER ER EN GOD VENN

EN SPEIDER ER HØFLIG OG HENSYNSFULL

EN SPEIDER ER DYRENES VENN OG
VERNER OM ALT GUD HAR SKAPT

EN SPEIDER ER LYDIG

EN SPEIDER ER GLAD OG TAR MOTGANG
OG VANSKER MED GODT HUMØR

EN SPEIDER ER NØYSOM
OG SELVHJULPEN

EN SPEIDER ER REN I TANKE, ORD
OG GJERNING



1. Uskedal gute speidar tropp vart starta 1. oktober 1965.

Det hadde ei tid vore i gong ein gjente tropp, under leiing av fru Anna Augusta Aunesen.
Ho hadde og so gått inn for at det måtte startast ein gute tropp. Men det var ymse vanskar med å skaffa leiarar.
Fyrst ut på hausten i 1965 tok Svein Myklebust og Knut Sjövall på å leia gute troppen.
Dei fyrste speidar aspirantane var:

| | | |
|---|---|---|
| Svein Geir Haugland | fødd | 1/12 - 52 |
| Svein Johs. Wang | -.- | 5/1 - 54 |
| Svein Ove Aunesen | -.- | 11/4 - 54 |
| Sig. Arne Aunesen | -.- | 13/7 - 52 |
| Tor Inge Dörsland | -.- | 1/3 - 54 |
| Edvard Myklebust | -.- | 8/3 - 54 |
| Ove Magne Myhre | -.- | 12/8 - 52 |
| Geir Harald Nilsen | -.- | 6/4 - 54 |

Möta vart halden i skule-

salen i „Samhald" den fyrste vinteren, og gutane møtte godt fram.
I april året etter vart dei opptekne som speidarar. På denne tilstellinga, som vart halden i Helgheim, var kretsleda Håkon Aasbö og Jostein Simonsen frå Haugaland krets. Aasbö stod for opptaking av dei nye speidarane og for opptak av Sverre Myklebust som tropsledar og Knut Sjøvall som assistent.
17. mai 1966 deltok for fyrste gong i Uskedalens historie speidargutar i toget og i kyrkja. Dette tykte både gutane og folket var svært gildt.
Leikaring var gutetroppen beden med gjentetroppen til speidargudsteneste i Husnes kyrkje i februar 1966.
Om hausten var troppen ein tur til fjells saman med gjentene.
Det har jamt over vore halde eit møte for veka fram til våren 1966, då vart det ikkje ferie fram til hausten.

Hausten 1966 starta speidargutane opp att med møteverksemda år for 1966-67.
Denne hausten måtte vi sjå oss om etter nytt hus å vera i. Vi var då så heldige at vi fekk halda til i kammerset på gamleskulen, og på loftet når vi skulle ha troppsmøter.
Denne hausten tok vi opp nye aspirantar og dei var:

Ola Anton Myklebust 28/10-1954
Kjell Arnesen
Kjell Yri 13/2-1955
Jarle Tysdal
Rune Nilsen
Kurt Haugland
Tor Eik
Harald Myhre
Sven Ove Ness

Knut Sjøvall hadde diverre sagt frå at han ikkje kunne vera med aktivt lenger avdi han skulle flytta til Nærbø.
Leohmund Eik fekk då oppmoding av troppsledaren om å byrja og det tok han på.
Dessutan synte det seg at

nokre av dei opptekne gutane
ville slutta og det vart innvilga.
Det var:
Ove Magne Myhre
Geir Harald Nilsen
Edvard Myklebust.
Troppen talde då 16 medlemer
med førar og assistent.
Siste helga i november 1966
skipa gute troppen og gjentetroppen
til ein årsfest og basar i ~~det~~ gymna-
stikksalen i nye skulen. Det var
heilt fullt med folk og bra med
pengar fekk ein inn. Både gutane
og gjentene synte fram ymse sketsjar.
Etter jul var vi bedne med til
speidar gudsteneste i Husnes kyrkje,
det var på gjentespeidarane sin
tenkedag. Der var samla speidar
gutar og gjenter frå heile Kvinnh.
så kyrkja var omlag fullsett.
På St. Georgsdagen hadde vi ei till-
stelling i Helgheim. Då var det opp-
tak av nye speidarar. Dessutan vart
Leohnard Eik opptekem som assistent
i 1. Uskedal tropp. Det var Aasbø og
Sverre Myklebust som stod for opptaking.
Gjentetroppen var med på festen,

og huset var fullsett av foreldre og andre interesserte.
Denne sumaren var det kretsleir i Vikedal. Dei som såg seg høve til å reisa var:

Sjurre Myklebust
Leonard Eik.
Sig. Arne Arnesen
Svein Haugland
Svenn Ness
Tor Inge Døssland
Rune Nilsen
Ola Anton Myklebust.
Kjell Arnesen
Kjell Yri

Nokre dagar før vi reiste på leir fekk vi vitjing av to skotske gutar Ian og James, dei budde også i lag med oss i leiren. På leiren som varde i ei veke var det svært gildt å vera. Det var omlag 400 deltakarar (ca. 60 troppar) frå heile kretsen. Og vi kan godt skryta av at vi var flinke til å halda orden i leiren vår, for av dei 60 troppane låg vi som nr. 3 nesten heile tida. Og for ikkje å snakka om fotball der sigra vi

stort og eg trur nesten at hadde vi ikkje reist så tidleg om sundagen så hadde vi nok vorte no. 2. Elles var det mange konkurransar alle enda ikkje så godt. Eg tenkjer serleg på ein mellom Tor Inge og Svein, som sigra stort i å eta supa, men så var det no godt at lâtirna var noksô nær. Veret var stort sett fint og alle var flinke (Sig. Arne var flinkast når det gjalt å laga mat) alle lika seg godt. Einaste var at vi måtte eta alt det brød vi kunne få i oss, for dei helt på å sprengja oss med det. Elles gjekk det helst på engelsk for 50 av dei 400 var skottar og nokre tyskarar. Vi var no så heldige at vi kom med i Haugesunds Avis sidan ~~so~~ det var fyrste gongen vi var på leir. Elles vart det teke ein del lysbilet som synar meira enn eg kan få sagt her.

Og so i år var troppen med i 17. mai toget og i kyrkja.

Dessutan var Kordastemna her i Ukedalen dette året og der var gutetroppen med og gjekk i toget og i kyrkja under gudstenesta.

Denne stemnet var troppen med på radio-jamboree for fyrste gong. Vi var so heldige at vi fekk ein amatør til å hjelpa oss med det Inge Strömsnes (LA 1BJ) Vi hadde mange kontaktar både med utland og innland i det døgnet det varde. Noko som vi i troppen tykte var interessant. Og so frå dette har vi fleire lysbileter. Vi hadde dessutan bilete og omtale både i Grenda og Haugesunds Avis. Og i Radio Amatörbladet.

Dette året har vi hatt i gong eit minder kurs i radio.

Og so dette året har det vore halde regelmessige möter for veka. Så som patrulje möter, ledar möter og troppsmöter.

Vi har hått vitjing av kretsledar Hakon Aasbö og reiseinstruktör Krattum.

Troppen har så leke fleire fram til hausten.

Haustan 1967 starta speidar gutane sitt arbeidsår att.
Det fyrste som stod på programmet denne hausten var ein tur til fjels for dei som kunne. Nesten alle var med. Troppsföraren var hindra i å vera med. Vi var svært heldige med veret både laurdag og sundag. Frå denne turen vart det teke ein del lysbileter.
Ogso denne hausten vart det opptak av nye aspirantar, dei var:

| | | |
|---|---|---|
| Leif Bjarne Myklebust | fødd | 2/8 - 58 |
| Trond Arne Gjertsen | -.- | 3/6 - 57 |
| Trygve Arnesen | -.- | 9/10 - 57 |
| Endre Nilsen | -.- | 10/1 - 58 |
| Lasse Yri | -.- | 7/7 - 58 |
| Odd Eide | -.- | 25/9 - 56 |
| Harald Guddal | -.- | 24/1 - 58 |
| Leif Ottar Tveito | -.- | 27/8 - 58 |

Dei byrja som aspirantar den 3/10-67.
Gjenta hoppen hadde opptak vitjing av kretsleiaren og assistenten sin frå Bergen krets. til dette møte som var i Helgheim var gutane inna bedne. Speidaran frå heile Kvinnherad var samla.
Siste sundagen i november vart det laga til årsfest og basar, i Helg-

heim, huset var fullsett då festen tok til.
På programmet stod det fyrst flagg-parade og opptak av patruljeförarar.
Dei som vart opptekne var:
Sig. Arne Arnesen
Svein Haugland
Svein Johs. Wang
Sverre Ove Arnesen
Tor Inge Dösland.
Opptaket vart gjort av kretsledar Aasbö som var på vitjing i höve festen.
Tropsförar Sverre Myklebust, ynskte festlyden velkomen.
Kretsledar Aasbö heldt der etter ein kort tale.
Både gutane og gjentene hadde ymse underhaldande programm som dei synte framm. Aasbö synte ogso fram ein film frå siste kretsleir.
För loddsal og utlusting tok vi pause for å få litt mat i oss!
Både loddsal og utlustinga gjekk raskt og greit unna og overskotet vart ca. 7-800 kr. noko

som kom godt med til utstyr.
Vi har dessutan fått melding om at gutetroppen har fått ein stønad på 500,- kr. frå kommunen.
Etter jul og nyår tok vi til med eit troppsmøte for og orientera om det som vi rekna med å ha føre i det nye året.

# 1. Uskedal's patruljer 1968.

## Ulv:

Svein Haugland P.F. 2
Kjell Yri P.A. 2
Kurt Haugland 2
Rune Nilsen 2
Harald Myhre
Leif Otter Tveito
Leif Bjarne Myklebust.

Farge: Lysblå og brun.

• • —

## Jerv:

Sverre Ove Arnesen P.F. 2
Svein Johs. Wang P.A.
Trond Gjertsen
Trygve Arnesen
Endre Nilsen
Harald Guddal
Odd Eide.

Farge: Blå og gul.

• — — — •

## ELG:

Tor Inge Døssland P.F 2
Ola Anton Myklebust P.A. 2
Kjell Arnesen 2
Tor Eik
Jarle Tysdal
Svenn Ness 2
Lasse Yri

Farge: Rød og hvit

• • — • •